

---

**Fra:** Hans Kristian Dolmen  
**Sendt:** onsdag 6. juni 2018 11.15  
**Til:** 'Trond Tystad'  
**Emne:** Regplan Nystøltunet

Hei

1. Sending av plandokument
  - a. Me vil først tilrå at post til kommunen vert sendt til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)
  - b. Direkte sending til sakshandsamar gjev inga garanti for at all informasjon kjem fram eller vert teke i mot ☺
2. Lindås kommune stadfestar og ha motteke følgjande plandokument i 5 sendingar
  - a. 16.05 - (SOSi, arealtabell, illustrasjonsplan, plankart), arealtabell inngår normalt som ein del av planskildringa
  - b. 25.05 – (VA-rammeplan 1. utkast, førsegner)
  - c. 25.05 – (Terrengprofil AA, Solskugge I, Endringsliste)
  - d. 25.05 – (Solskugge II og III, Terrengprofil BB og CC)
  - e. 29.05 – (Utskrift Rettsbok, Innleveringsliste, Uttale friluftsråd, planskildring, Høyningsuttaler (samla), VA-rammeplan 1. utkast)
3. Det er i tidlegare mail særskilt nemnd at siste oversending skulle merkast som siste. Ikkje nemnd i mail motteke 290518, men ut frå innhald antar me at det var siste innsending?
4. Mottakskontroll, me vil gjennomføre ein ordinær mottakskontroll snarleg. Viss plandokumenta er fullnøyande vert framleggset sendt på intern høyring. Me kjem attende med melding til dykk.
5. Innleveringstidspunktet er slik at det er inga moglegheit for at framleggset vert politisk handsama før etter sumaren.
6. Etter planendring i 2017 er har heldigvis tidleg fase av planarbeidet fått sterkare fokus. Det er difor både ønskjeleg med innleveringsmøte, men også ein tilrettelagt moglegheit for medverknad utover minstekravet i lova.

Kommunane har førebels inga tvangsmittel for dette, men håpar dykk og ser nyttå i at informasjon om prosjektet kjem tidleg ut til innbyggjarar og naboar. Eventuell avklaring av utfordringar, samråd og samarbeid før saka vert lagt fram for politisk handsaming kan vere svært nyttig og spare framdrifta i prosjektet for mykje tid.

Eg registrerer at det var positive meldingar attende på «folkemøte» under oppstartsmeldinga, og trur på generell basis at alle utbyggingsprosjekt er tjent med same type møte når planframleggset er klart.

Me kan kome attende til dette under innleveringsmøte, og som du skjønar deltek me gjerne på «folkemøte» som dykker samarbeidande part før politisk handsaming.

Hans Kristian Dolmen | Rådgjevar

E-post: [hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 54 75  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE